

## Søknad om tilskot til fartøyvern

<b>1</b>	<b>Namn på eieren</b>	<b>Org. nr.</b>
	Interesselaget for Galeas Gurine	896937472
	<b>Postadresse</b>	<b>Telefon</b>
	Vangsvegen 13, 5470 Rosendal	40404474 Kristen T. Christensen
<b>2</b>	<b>Namn på objektet (fartøyet)</b>	
	Gurine	
	<b>Vernestatus fra Riksantikvaren / Årstal</b>	<b>Kallesignal</b>
	Nei	LIPG
<b>3</b>	<b>Tidlegare tilskot fra fylkeskommune/Riksantikvaren/andre</b>	<b>e-post</b>
	kr 50 000/kr 0/kr 1 827 800	kristent.christensen@knett.no
	<b>Årstal / sum</b>	
	2011-2014	
<b>4</b>	<b>Søknadssum (overført fra side 4, finansieringsplan)</b>	
	350 000	
<b>5</b>	<b>Beskrivelse og foto av objektet</b>	
	<p><b>Konstruksjon skrog:</b></p> <input checked="" type="checkbox"/> Tre <input type="checkbox"/> Stål <input type="checkbox"/> Plast <input type="checkbox"/> Anna	
<p><b>Historikk:</b></p> <p><b>Tidfesting</b></p> <p>1874-1875 i Rosendal.</p> <p><b>Endringar</b></p> <p>Motor installert i 1934, kun motor frå 1939, forlengd i 1959. Rest./galeasrigga i 1980-åra.</p> <p><b>Byggherre</b></p> <p>Knut J. Skåle(Jøra-Knut'n). Han bygde også "Gjøa" 2 år før.</p> <p><b>Opphavleg funksjon</b></p> <p>Hardangerjakt bygd for Nordlandsfart</p> <p><b>Noverande funksjon</b></p> <p>Under restaurering i Rosendal, ca 400 m frå der ho opphavelig blei bygd</p> <p><b>Andre opplysningar</b></p> <p>Interesselaget har laga 1800-tals verft med slipp og tak over skuta. Det er også bygd verkstad og matrom/kontor. Kontantutleget til dette har vore kr 120 800. Innløysing av skuta og slep til Rosendal kosta kr 88 500. Til verktøy og maskiner er lagt ut kr 129 800. Administrasjon har kosta kr 86 600. Desse summane er inkludert i totalkostnaden for prosjektet(punkt 9)</p>		

## **6 Vilkår for tilskot**

Det er eit vilkår at den som får tilskot frå dei fylkeskommunale kulturvernumidlane fylgjer antikvariske retningslinjer i arbeidet med istandsetting, materialbruk o.l.

Retningslinjene går stort sett ut på at minst mogleg skal utskiftast av det gamle, og at delar som må skiftast skal erstattast med ein kopi av det opphavlege. Forandringer kan kome på tale berre etter samråd med antikvarisk fagetat (fylkeskonservator, Riksantikvaren eller byantikvaren i Bergen).

## **7 Kva skal tilskotet nyttast til?**

### **Jakta/galeas "Gurine"**

Gurine blei bygd som jakt i Rosendal i 1874-1875 av den kjende meisteren Jøra Knut'n. Av andre fartøy han bygde er polarskuta Gjøa(1872) og Loyal(1877) mest kjend. Gurine var i kommersiell fart heil fram til 1980 talet. Då vart ho rigga om til galeas og låg i Bergen dei siste 25 åra. Lite vedlikehald dei siste åra gjorde at ho var i svært dårlig stand då Interesselaget overtok ho. Den 27. mai 2011 blei galeas Gurine slept frå Bergen til Rosendal.

### **Føremål**

Interesselaget er ei foreining som skal overta, restaurera og ta vare på galeas "Gurine". Gjennom dette vil ein ta vare på og utvikla mellom anna handverkstradisjonane som er knytt til fartøybygginga i Kvinnherad.

### **Førebuande arbeid**

Utover sommeren 2011 blei ho nedrigga og gjort klar for eit lengre opphold på land. Kvinnherad kommune let oss få hand om ein høveleg stad berre 400 m frå der ho opphavelig blei bygd. Der blei det laga slipp. Ho vart landsett 24. september 2011. Arbeidet med å stiva henne opp kunne starta.

### **Arbeid på skuta**

Fram til sommaren 2012 gjekk tida med til demontering av utstyr og til å skaffa material til restaureringa. Spantematerial har dugnadsgjengen sjølv henta i skogen og fått saga på lokale sagbruk. Ei stor pengegåve sette oss i stand til å tinga hud- og dekksplank frå oppgangssaga i Herand. Leveransen av hudplank var klar i +

## **8 Kva metodar og material skal nyttast?**

Kristian Djuprevåg har stor røynsle med restaurering av gamle trefartøy. Han fylgjer dei antikvariske retningslinjene som slikt arbeid forutset.

Under vassytta er trevirke brukande og er truleg det same som vart sett inn då skuta blei bygd. Alle spantetopper frå vassytta og opp er bytt ut. Ny stemn er sett inn. Baugen har no fått attende den opphavelige forma. Ny stilk er også sett inn. All hudplank blir ny. Dekket, og alt over dekket, blir også nyt.

Dugnadsgjengen har teke ut all vyrke til spant, garnering stemn og stilk. Saging er gjort på lokale sager og utforminga på eigen verkstad. Hudplank og dekksplank er saga på oppgangssaga på Herand under oppsyn av Hardanger Fartøyvernsenter.

Stemn og stilk er av eik, også henta lokalt. I spant, hud og dekk blir det nytta furu. Garneringa er i lerk. Til mastrer vert også nytta furu. Emna til mastrer er blitt barka i skogen på Enæs.

Ein fullt overhala Gardner motor er kjøpt inn, men ikkje montert. Den er 8-sylinder og svært stillegåande. Ei lokal bedrift har finansiert motoren.



**10 Finansieringsplan. Oversikt over korleis totalkostnaden er planlagt dekt gjennom tilskot frå:**

fylkeskommunale kulturvernmidlar	400 000
eventuelt tilskot frå kommunen	50 000
eventuelt tilskot frå staten	0
andel av eigne midlar	300 000
andre midlar	2 129 000
<b>Sum (kr.):</b>	<b>2 879 000</b>

**11 Stad****Dato:****Underskrift**

Rosendal

24.11.2014

Kristen Tore Christensen

**12 Kommunen sin uttale**

Prioritering:

Tilskot frå kommunen:

Fråsegn:

**13 Kommentar frå fylkeskonservatorene**

NB! Søknadsfrist 1. desember

Søknaden sendast til:  
Hordaland fylkeskommune  
Kultur- og idrettsavdelinga  
Postboks 7900  
5020 Bergen  
eller på e-post til: [kultur@hfk.no](mailto:kultur@hfk.no)

**Skriv ut skjema**